

ÅRSPLAN FOR BRINGEDALSBYGDA BARNEHAGE 2020-2021



S.U- godkjent:

« Vår barnehage ynskjer varme og grensesettande vaksne med
relasjonar som skapar trygge og nysgjerrige barn»

1. Verdigrunnlaget til Bringedalsbygda barnehage

Verdiane til Bringedalsbygda barnehage byggjer på desse planane



Alle desse planane som er nemnt ovanfor vernar om gode verdiar og haldningar.

Våre verdiar skal omsetjast på på tre nivå

Vårt syn og væremåte frå vaksne til barna

- Relasjonar på høgt nivå
- Vera autoritative vaksne og grensesettande med krav til barna etter deira modning
- Læra barna å delta i demokratiske prosessar i kvardagen
- Sjå det einskilde barn med sine behov og gi det den omsorgen som barnet treng på sin stad i utviklinga.
- Vera ein voksen som lyttar til barnet, ser det og følg det på sin veg ut i livet
- Vektlegge det einskilde barn si livsmeistring og helse.

Vårt syn og væremåte oss vaksne i mellom

- Vektlegge godt samarbeid oss i mellom, der relasjonane skal vera gode og respektfylte.
- Vera lojale mot dei oppgåver vi har fått og jobbe etter: årsplan – månadsplan - avdelingsvis oppgåvefordeling i grupper.
- Vera aktive på personalmøter, avdelingsmøter og planleggingsdagar. Koma førebudde til oppgåver i kvarldagen. Plantid skal brukast til å lesa seg opp på tema vi jobbar med og vera førebudd til samlingar og aktivitetar
- Melda sine behov for å gjera jobben sin i god tid
- Vera ein god kollega som deltar for eit godt miljø oss imellom

Vårt syn og væremåte opp mot samfunnet lokalt og sentralt

- Setja oss inn i Kvinnherad kommune sine overordna planar for kommande år. For vår del skal vi jobbe aktivt med å vidareføre betre inkludering barnehage og skulemiljø, betre tverrfagleg innsats, IKT opplæring i kommunal regi. Dei to siste satsingane skal sikre at alle som jobbar i barnehagen har ein minstekunnskap om IKT etter rammeplan og lokale satsingar. Jobbe i tråd med Kvalitet i barnehage og skuleplan 2019-2024
- Jobba etter nasjonale satsingar- for vår del vil det betyr å jobba vidare med språkløypa. Språket er sentralt sosialt, læringssituasjonar, i leiken, tilhørleghet, livsmeistring, gruppeinkludering med meir. Dette året vert det Brobyggaren som skal stå i fokus – det handlar om at vi vaksne skal delta meir i leik og fylla på med språk i leikesituasjoner. Personalet skal ha fokus på om språktilbodet er likestilt mellom gutter og jenter.
- Delta i undersøkingar lokalt og tilrettelegge for nasjonale barnehageundersøking.

- Jobbe aktivt både i barnegruppa og i personalgruppa for å sikre god trafikkopplæring, følgje opp handlingsplanar og rutinar. Vi vil halde fram med å arrangera trafikkdagar med tema som sykkeldag og rebusløypa.



Det er sett av fast tid i samling der vi snakkar om trafikk eller bruker sidene til Trygg trafikk for å auka opp barna sine kunnskap om å ferdast trygt i trafikken.

Få foreldre til å følgje trafikksikkerheten barnehagen legg til rette for og ber foreldre om (slå av motoren, set ned farten oppe ved barnehagen, bruk av godkjente seter)

Dersom kurs i regi Trygg trafikk –sender vi våre faste deltakrar

2. Innholdet til barnehagen

Innholdet i barnehagen skal speile mandatet vi har som barnehage.

Alle barn skal oppleva progresjon og positiv utvikling. Leik, omsorg, danning, læring, livsmeistring og helse blir heilt sentrale tema i dette arbeidet. Krav og forventningar skal samsvare med alder og modning hos det enkelte barn.

Voksenrolla

Forrige barnehageår jobba vi mykje med vaksenrolla vår: det og alltid stoppa opp med barn som treng oss, reagera på utesetting og andre negativ adferd og rosa det gode vi ser. Personalelet skal vera autoritative - varme og grensesettande ovanfor barna. Dette året som kjem vidarefører vi vaksenrolla inn mot leiken. Kva er oppgåva vår, kva slags leik har vi og korleis tilrettelegg vi

for den gode leiken ute, inne, og sjå til at alle barna er inkludert. Som tidligare nemnd skal vi også ha fokus på korleis barna og vi vaksne brukar språket i leik, og korleis kan vi vera med på å støtta opp og utvikla barnas språk.



Omsorg

Personalet skal møta alle barn på ein autoritativ metode. Varme, tydlege og med klare grenser. Barnet skal kjenna på at her hører det heime, og her er det trygt å vera. Personlege behov hos barna som kviling, måltid, stell, eit trygt fang å sitje, trygge vaksne å snakka eller leika med skal vera høgt prioritert hos personalet.



OMSORG	
Barna skal	Personalet skal
<ul style="list-style-type: none">✓ Oppleva å bli møtt med varme og hjartlighet✓ Vera i trygge omgivnader tilpassa etter alder og modning.✓ Bli inkludert og anerkjent for den du er.✓ Læra å inkludere andre barn i leik og aktivitetar.✓ Få utvikla seg sjølv på ein positiv måte gjennom blant anna speiling gjennom andre, inkludering, deltagelse og aktivitetar.	<ul style="list-style-type: none">✓ Møta barna med eit smil og mykje varme.✓ Tilrettelegga for at barna har det trygt og tilpassa behova for enkeltindivid og grupper.✓ Reflektere over innhaldet i barnehagen.✓ Observera enkeltindivid og grupper der måla ovanfor for barna skal liggja til grunn.

OMSORG

1-3åringen:

Skal oppleva å bli møtt med:
eit smil og mykje varme,
eit godt og trygt miljø,
godt tilrettelagte måltid og
sovetilbod,

3-4 åringen:

Bli møtt med eit
stort smil og glede ,
men med litt
tydlegare krav til
sjølvstendighet
oppgåver som å kle
på seg sjølv

Leike i grupper med
personal som deltek
ved behov.

Gode måltid

5 åringen:

Bli møtt med eit smil
og varme

Gode og inkluderande
mot andre barn

Sjølvstendige i ulike
situasjonar

Snille mot andre barn,
vise omsorg mot
kvarandre og gje hjelp
til barn som treng ei
hand

Vera rause, dela på
goder vi har

Lærelysten

Språkdyktige

Personalet skal:

Møta alle barn med eit smil og glede over
å sjå at barnet kjem i barnehagen

Vera autoriatativ- mykje varme og tydlege
krav tilpassa alder og modning

Deltakande i leik og aktivitetar der alle
barn opplever å bli inkludert

Møte barn og oppgåver i tråd med
rammeplanen kap 8.(s.43)

Vektlegge medverknad frå barn der det er
mulig.

Leik

Leik er den viktigaste aktiviteten som er i barnehagen. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehage. Leiken er viktig for alle sider av barna si utvikling.

LEIK	
Barna skal ha eit leikemiljø rundt seg som tar vare på	Personalet sine oppgåver er

✓ Stimulering og utvikling av språkleg , sosial, emosjonell, kognitiv, moralsk og motorisk utvikling. Ha fokus på at alle barn får lik språkdryss frå oss vaksne

✓ Kreative evner, evner til å løyse problem og barna lærer om seg sjølv i omgivnaden.

✓ Barna lærer om korleis verden fungerer både sosialt og fysisk

✓ Barna lærer å eksperimentere, utforske, finne ut- fordi det er «på – lat» blir det ufarleg og gøy

✓ Barna lærer initiativ, finne på historiar, eigne leikar og aktivitetar, forhandlingar, å følje andre.

✓ Barn lærer å læra (learning by playing)

✓ Organisere rom og tid, aktuelle leiker.

✓ Bidra til at barn får felles erfaringar der alle barn kan delta i leik, oppleva glede med leik.

✓ Fremja eit inkluderande miljø der alle barn deltek i leiken.

✓ Observera, analysera , støtta , delta i og berika leiken i lag med barna.

✓ Rettleia barna dersom leiken får uheldige mønster/ utfall.


✓ Være bevisst på eiga rolle i deltagelse i leik.


✓ Ta initiativ til leik og bidra til at alle har nokon å leike med.

✓ Vera autoritative , gode og varme grensesettarar

Barn som sjeldan eller aldri leikar gjev uttrykk for at noko er galt! Leik skal vera å ha det gøy på jobb!

Ulike typar leik som finst i barnehagen





Danning

I samarbeid med heimen skal barnehagen danna barna frå dei er små til å få gode samfunnsverdiar og toleranse i tråd med samfunnet vi lever i. Eit samfunn i utvikling krev at vi bryt ned nokon haldningar som har vore praktisert i generasjonar. Likestilling og likeverd er viktige områder som er i endring. Kven du er og korleis du vel å leve ditt liv, familiebakgrunn eller tru skal ikkje vera til hinder for å bli inkludert. Gutar og jenter skal kunne delta i leik etter eigne interesser og ynskjer.

Barnehagen har møter med barna der dei får sin første møte med demokratiet vi kjenner, barna skal bli høyrt, dei skal lære å følgje fleirtalet eller nokon gonger å bøya av for fleirtalet i høve eigne meiningar. Å gjennomføra det ein er blitt einge om i leik og aktivitet.

DANNING	
Barna skal	Personalets sine oppgåver er
<ul style="list-style-type: none">✓ Delta i leik og aktivitetar, samspel med andre barn.✓ Utvikle empati.✓ Utvikle vennskap og å holde på nye vennskap.✓ Auka opp forståelse for eiga rolle i barnehagen.✓ Delta i demokratiske diskusjonar og prosesar.✓ Utvikle toleranse for mangfold og livstru. Likeverd likestilling og kulturar.✓ Visa solidaritet med andre barn og vaksne.✓ Opptre etter reglar og normer i barnehagen og samfunnet rundt oss.✓ Få byrjande innsikt i kva berekraftig utvikling er for noko.	<ul style="list-style-type: none">✓ La barna kjenna på tryggleik i barnehagen, og finna sin plass i gruppene.✓ Passa på at alle barn engasjerer seg i demokratiske prosesar, tar ordet der det er forventa✓ Passee på at alle barn utviklar vennskap og deltagelse i gruppene.✓ Lære barna om mangfold, demokrati, likeverd, likestilling, ulike kulturar.✓ Følgje fleirtalet, bøya av når barn er i mindretall.✓ La barn få ein enkel forståing i kva som ligg i å ta vare på miljø og førebygging av holdnigar for noværande og kommande generasjonar.

1-3åringen

Skal bli kjent med avdelinga si, bli trygg og klar på seg sjølv og andre barn

Delta i leik og aktivitetar på avdelinga

Byrjande empati

Byggje vennskap

Få forståelse av si eiga rolle

Delta i tradisjonane til barnehagen

DANNING

3 – 4 åringen

Få kjennskap til reglar , nokon speleregler vi må ha i kvardagen

Delta aktiv i diskusjonar

Oppdage ulike sider ved ein sjølv og at vi har eit mangfold å ta vare på

Bli betre kjent med samfunnet sin kultur og ulike tradisjonar

Etablera vennskap og fellesskap med andre barn

Samspel med andre

5 åringen

Lære å delta i diskusjonar

Godta demokratiske prosessar

Visa toleranse for andre

Mangfold, likeverd

Likestilling mellom kjønn

Kjennskap til kulturar og tradisjonar i barnehage Heim og samfunn

Syne solidaritet til andre barn

Hjelpa andre barn

Personalet skal:

Bli trygge på si avdeling

Lære barn å delta i diskusjonar, bøye av for flerital,

Demokrati, mangfold

Lytte til barn

Lære barn om likeverd og likestilling

Læring

Tidlegare i denne planen er det skreve litt om leiken og viktigheten av god leik i barnehagen. I leiken lærer barna gjennom det dei leikar! I barnehage snakkar vi ikkje om fag, men fagområder. Kunnskap, læring og leik går inn i kvarandre.

Det overordna er at aktivitetane er lystbetonte, barna har interesse for handlingen det er med på, at barna får ny innsikt, nye perspektiv, utviklar læring og kunnskap .

LÆRING	
Barna skal	Personalets sine oppgåver er
<ul style="list-style-type: none">✓ Lære seg reglar, normer og kvardagsrytme.✓ Språk gjennom høgtlesing, samtale, song, rim og reglar, leik.✓ Knyta vennskap til andre barn – læra å vera ein god venn sjølv.✓ Vera nysgjerrig gjennom leik og utforskning.✓ Førebuing til skulen etter ”klar til skulestart” og boka Trampoline	<ul style="list-style-type: none">✓ Hjelpa barna med å finne sin plass og knytta vennskap, samhandling.✓ Tilrettelegg for læring i alle situasjonar, planlagte og spontane.✓ Leggja til rette for kreativitet i leik og aktivitetar✓ Vise engasjemang i leik og aktivitetar



1-3 åringen

Læra normen og ny kvardagsrytme

Tilegne seg ord og språk gjennom lesing, synging

Få grunnleggande kunnskap om vennskap og fellesskap,samhold, gruppetilhøyeleghet

3-4 åringen

Skal byggja vidare og utvida til meir forskning,

Undersøkingnysgjerrig

Prøve å finne sine interesser leike seg fram til ny kunnskap ute og inne i barnehage

LÆRING «LEARNING BY PLAYING»

5 - åringen.

Held fram som 3-4 åringen og byggja vidare på den kunnskap ein har.

Lystbetonte læring .forskning, meistring

Skule førebuing etter boka TRAMPOLINE prosjekt

Personalelet skal:

Tilretteleggja for læring i alle situasjonar planlagt og spontane

Bruka kreativitet i leik og aktivitetar

Hjepa barna med å finna sin plass ,sine venner, lære barna samhandlingar

Livsmeistring og helse

Livsmeistring og helse er eit nytt ord i barnehage samanheng . Det kom med den nye rammeplanen 1.august 2017. Den "lyse" sida med dette ordet går på livsstil, matglede, fysisk aktivitet, gode helsevanar, livsglede, eigenverdi og det å høyra til fellesskapet.

Den "mørke" sida er mobbing og krenkingar, utestenging, omsorgssvikt, vold, seksuelle overgrep, meldeplikt og det å be om hjelp oppover i systemet i samarbeid med foreldre.

Over lang tid har barnehagen jobba med vaksenrolla i barnehagen. Korleis vi møter barna i kvarldagen. Dei siste åra har vi hatt fokus på vaksenrolla og vaksne som ikkje skal gå forbi dersom dei ser eller overhøyrer krenkingar eller tidleg mobbing. Kunnskap syner at utestenging, mobbing og krenkingar startar i barnehagen og varer heile barndommen.

LIVSMESTRING OG HELSE	
Barna skal oppleva	Personale sine oppgåver er
<ul style="list-style-type: none">✓ Få anerkjennelse på seg sjølv i gode situasjonar.✓ Få gode mulighetar for utvikla gode vanar innan mat, fysisk aktivitetar.✓ Få oppleva eit likeverdig tilbod for alle. Vera ein barnehage som jobbar for å ha ein sosial utjevning der alle skal ha like mulighetar.✓ Bli sett og støtta ved mobbing og krenking av personale, få hjelp til å stoppe uønska hendingar.✓ Bli møtt av personale som tørr å spørre barn ved mistanke om omsorgssvikt, vold eller seksuelle overgrep	<ul style="list-style-type: none">✓ Vektlegge gode relasjonar med anerkjenning og ros, samt vera tydlege (autoritativ)✓ Vektlegga sunne og varierte måltid, vera i aktivitet ute og inne.✓ Gripa inn ved utestenging, erting og mobbing.✓ Jobba aktivt for sosiale utjamningar blant barna.✓ Hjelpe barna å finne gode løysingar ved konfliktar, sjå andre sine perspektiv.✓ Få kunnskap om kva vi skal sjå etter og korleis tenesteveg og eige ansvar fungerer.✓ Følgja Kvinnherad kommune sin plan mot mobbing dersom saker dukkar opp

3. SATSINGAR – SENTRALE OG LOKALE

Saman om utvikling og gode tenester

Språkløype

Vi skal vidareføra det arbeidet vi gjorde med språkløypa dei to siste barnehageåra. Det vart mange aha – opplevingar knytt til arbeid med språk og vi ynskjer å vidareføra dette viktige arbeidet. Vi skal bruka ein time på kvar personalmøte der vi jobbar med ein bok med språkløypa, reflekterar rundt praksisoppgåver og gjer nye oppgåver til neste møte.

Dette året skal vi gjennom pakken – Brobyggeren. Målet gjennom denne pakken er at personalet skal:

- ✓ Auka kunnskap å vera ein brobygger i barnas språklæring
- ✓ Få erfaringer med å skapa meinung saman i ulike språkmøter
- ✓ Få trygghet i å skapa språkleg vekstmogelegheiter for alle barna



Prosjekt

Dette året har vi fått kompetansemidlar til eit prosjekt saman med Omvikedalen barnehage. Vi har inngått eit samarbeid med NLA (norsk lærarakademi i Bergen) og PPT i Kvinnherad. Hovudfokus er å gje barna eit språk og verktøy på å utvikla sosial kompetanse. Får gutar og jenter likt språkdryss? Vi ynskjer også viderføra arbeidet med IKT som vi hadde i fjar og sjå på korleis digitalt verktøy kan vera med på å utvikla språket hos barna. Prosjektet vert ikkje starta fullt opp dette året på grunn av Convid 19, men vi

startar opp litt i eigen barnehage. Prosjektet vert starta opp for fullt frå hausten 2021.

Leik

Dette året skal også vi ha ekstra fokus på leik. Vi vaksne har ei super viktig rolle i denne samanheng; passe på at alle barna får innpass i leiken, og rettleia / støtta dei barna som fell utafor. Det er i leiken mykje av læringa føregår. Vi har ekstra fokus på samanhengen med leik og språkutvikling, der vaksenrolla er av stor betydning.



Trafikk

Vi held fram med å følja våre handlingsplanar for ferdsel i trafikken. Det kan vera på ein tur i bygda, reise med bussen, køyra bil med personalet (biblioteket, Trollskogen, Husnes Kyrkje på julevandring)

Vi held fram samarbeidet med Trygg trafikk gjennom å reise på kurs med dei, ha fokusdagar på tema trafikk.

Foreldre skal vera saman med oss med å skape gode vanar for all ferdsel i trafikken og rundt barnehagen.



4. BARNS MEDVERKNAD

Barn har rett til å seie si meining , vera med å påverke innhaldet på det vi gjer i barnehagen, dette er nedfelt i Lov om barnehage, Grunnlova og FN sin barnekonvensjon.

Barn sin medverknad må vera innanfor ei ramme som gjer det gjennomførtbart for barna, dei skal aldri ta avgjersle dei ikkje har føresetnad for å ta! Det er vi vaksne som skal bera ansvaret for dei avgjersler vi tar i lag med barna.

Personalet må ha fokus på at alle barn får komme fram med sine ynskjer og tankar. Det vil vera ulike måtar å imøtekome barna sin medverknad. Alder og modning hos barnet må vera med i vurderingar frå personalet.

Barn på stor avdeling

- Samtale med barna
- Planlegging i lag med barna
- Lytting til barna – kva er dei opptatt av?
- Tilretteleggje etter det vi ser eller høyer i leik
- Evaluering lytte til kva barna har opplevd/ vil oppleva meir av
- Observasjonar, personale som er logga på i kvardagen
- Bli tatt på alvor

Barn på småbarnsavdeling

- Sjå på kroppsspråket deira
- Peiking , mimikk
- Samtale med barna
- Vaksne som lyttar og ser på barna sine uttrykk
- Observasjonar
- Bli tatt på alvor

**VÅRT BARNESYN ER AT
ALLE BARN SKAL MØTA:**

- Respekt
- Anerkjennelse
- Autoritative vaksne

5. SAMARBEID BARNEHAGE – HEIM

Det pedagogisk personalet har generell kunnskap om barns utvikling, medan det er foreldra som er ekspertar på sine barn. Barnehagen må ha eit godt og tett foreldresamarbeid, open kommunikasjon, respekt og forståing, og på den måten ta vare på barnet sitt behov for omsorg, leik, læring og danning, slik barnehagelova §1 viser.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Utdrag frå Rammeplanen s 29

Eit godt foreldresamarbeid skjer gjennom:

- ✓ I dagleg hente - og bringesituasjoner
- ✓ Foreldresamtalar ved haust, vår og ved behov
- ✓ Fyrstegongssamtale ved oppstart i barnehagen
- ✓ Foreldremøter
- ✓ Samarbeidsutval møter
- ✓ Brukarundersøking.
- ✓ Informasjon og dokumentasjon som vert hengt opp på veggar og tavler
- ✓ Heimesider
- ✓ Barns eigen medverknad
- ✓ Foreldre sin medverknad og tilbakemeldingar
- ✓ Arrangement der foreldra deltar i barnehagen

På foreldremøte på våren har vi alltid oppe som sak kva foreldra har lyst at vi skal satse ekstra på neste barnehageår. Her får foreldra komme med ynskjer før årsplanen vert lagd. Vi ynskjer at foreldra alltid skal føle at det er rom for å

koma med innspel og tilbakemeldingar til oss. Sidan denne våren har vært prega av Korona, så har foreldra fått mogelegheit til å kome med ynskjer og innspel via mail.

6. OVERGANGER

Barnehagestart og tilvenning i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja tilrette for at barnet får ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpassa rutiner og organisera tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablera relasjoner og knytta til seg personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørga for tett oppfølging den fyrste tida slik at barnet opplever tilhørsle og trygghet til å leika, utforska og læra. Tilvenninga er ulik i frå barn til barn og foreldre til foreldre. Vi tilrettelegg tilvenninga slik at den høver for kvart enkeltbarn og deira behov.

Nye foreldre på både liten og stor avdeling, vert invitert på eit foreldremøte i juni der vi har fokus på ein god start og der tryggleik står i fokus. Avdelingane informerer foreldra om forventningane til tilvenning og korleis barnehagekvardagen er. Vi legg opp til ein god samtale der foreldra kan kome med sine ynskjer, tankar og spørsmål. Foreldra får samstundes ei omvisning i barnehagen.

Det vert avtala eit besøk i barnehagen før sommarferien slik at barnet og foreldra kan kome å helsa på både personalet og dei andre barna.



Barnet og foreldra får også ein eigen primærkontakt som skal ta ekstra vare på enkelbarnet og vera den trygge kontakten i barnehagen i starten. Primærkontakten har ansvar for å bringa informasjon vidare til resten av personalet.

I løpet av dei fyrtse vekene av oppstarten vert alle nye foreldre kalla inn til ein foreldresamtale der viktig informasjon vert utveksla.

Intern overgang mellom avdelingar

Når det gjeld overgang innad i barnehagen skal personalet sørge for at foreldre og barn får tid og rom til å bli kjent med barn og personalet når barnet bytter avdeling.

Barna vert veldig godt kjende med personalet på stor avdeling i løpet av året. I og med at vi berre er to avdelingar samarbeidar vi både morgen og ettermiddagar. Annankvar onsdag passar avdelingane kvarandre sine barn under avdelingsmøter. Det er også ein god arena til å bli kjende med kvarandre sine barn, og at barna får eit trygt forhold til personalet på den andre avdelinga.

På våren får dei barna som skal byrja på stor avdeling hospitera på den nye avdelinga nokre dagar. Dei får ta del i aktivitetar og eta maten sin her. Det vert også ein samtale mellom personalet på avdelingane for å viderføra viktig informasjon dersom det er hensiktsmessigt.

Dersom det byrjar barn frå andre barnehagar ynskjer vi ein overføringssamtale med barnehagen i forkant for å få med oss viktig informasjon som kan gjera overgang best mogeleg for barnet.



Overgangar mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skule leggja til rette for at barnet får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og SFO. Når vi veit kven lærar som skal starta opp med 1 klasse vert det ein førskulekveld kombinert med foreldremøte i juni


Vi følgjer kommunen sitt årshjul for samarbeid barnehage – skule

PLAN FOR OVERGONG BARNEHAGE - SKULE

Tid	Aktivitet - tiltak	Ansvar	Merknad
August	Oppstart av Villvettene	Ped. leiar	
	Årsplan for samarbeid barnehage – skule	Ped. leiar	Ped leiar og lærar på 1 og 5 trinn
	Informasjon til foreldra til Villvettene ✓ Vektlegging i arbeidet med barna ✓ Plan for siste året	Styrar	
September	Fadderordning ✓ Aktivitetar / felles turar / besøk ✓ Planlegg dato for lesestund	Lærar på 5 trinnet inviterar Ped leiar / 5 klasselærar	Lever kopi til styrar og rektor
	Villvettene ✓ Bli kjende med fadderklassen / skule	Ped leiar	Tek kontakt med skulen
		Lærar	Organiserar besøket
Vårhalvår	Villvettene: jamleg besøk på skulen / SFO ✓ Verta kjent ute og inne	Ped leiar	Avtale med SFO
	Drøfting barnehage – skule ✓ Evaluering av samarbeid ✓ Avtala innskriving, førskuledagar og tid for overføringssamtalar	Rektor	Kallar inn: lærar, styrar, ped leiar
Januar	Datofeste felles aktivitetane / førskuledagar Planleggje desse dagane Sende ut brev til Villvettene og barn som går i andre barnehager	Ped leiar og 1 trinn lærar	1 trinn lærer lager opplegg til ped leiar i 1 klasse
Februar – juni Td 2 tysdagen i månaden	Førskuledagar på skulen med vekt på ✓ Klassereglane dei vil møte på skulen ✓ Skuleliknande aktivitetar	Ped leiar	Ped leiar lagar opplegg som 1 trinns lærar gjennomfører
Mars	Innskriving	Rektor	

April	1 trinns lærar hospiterar etter undervisningstid	Rektor	
Mai / juni	Overføringssamtalar ✓ Nytt skjema A og B	Styrar	foreldre barnehage skule
	Foreldremøte med kommande 1 klasse ✓ Informasjon og rutinar ✓ Føresett til ein elev	Rektor og kontaktlærar	
	Evaluering av lokalt samarbeid	Styrar	Møte mellom barnehage og skule
	Evaluering av plan for overgang mellom barnehage og skule	Rådgjevarar barnehage og skule	Møte med involverte etter behov

Om det er mogeleg å forhalde seg til denne planen er usikkert med tanke på korleis utviklinga av Convid19 vert framover. Vi lar det stå som planlagt og så ser vi korleis løysinga vert etter kvart som hausten og vinteren går.



DIGITAL PRAKSIS I BARNEHAGEN

I Rammeplanen står det at den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring.

Kvinnherad kommune følg dette opp med eit utkast til vår standard i kommunen "Læringsteknologi , læring, utvikling og inkludering" 2019-2022.
Dette utkastet ligg til grunn for vårt vidare arbeid innan dette feltet.

DIGITAL PRAKSIS I BARNEHAGEN	
Barna skal	Personalet skal
<ul style="list-style-type: none">✓ Få erfaring med ulike digitale verktøy.✓ Meistre å nytte digitale verktøy til utforskning og skapande prosessar.✓ Utvikle ei byrjande etisk forståing knytt til digitale medier.	<ul style="list-style-type: none">✓ Utøve dømmekraft, informasjonssøk, opphavsrett, kjeldekritikk og personvern.✓ Vurdere kva som er relevant mediebruk.✓ Legge til rette for og å delta i digitale leikar/verktøy som går på programera, digitalisera, auka kunnskapen omkring dei mulighetar og leikar som er aktuelle for barna i barnehagen.✓ Vera aktive saman med barna, skapa eit aktivt og allsidig læringsmiljø✓ Få opplæring og oppdateringar på IKT verktøy gjennom barnehageåret

Progresjon : (etter ikt plan til Kvinnherad kommune)


Digitale verktøy 1 – 3 år	Digitale verktøy 3- 5 år	Digitale verktøy 3- 5 år
Barna skal få byrjande erfaring med digitale verktøy	Barna skal få byrjande erfaring og skapa eigne digitale utrykksformer	Barna skal få erfaring med kreative og variert programvare

Vurdering av barnehagen sitt innhald

Personalet skal vurdera det pedagogiske arbeidet regelmessigt. Det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast, tolkast ut ifrå barnehageplanane, Barnehagelova og Rammeplanen samstundes som at målet er at alle barna får eit tilbod som er i samsvar med barnehagelova og rammeplanen.

Det er viktig at heile personalgruppa deltek i vurderingsarbeidet. Felles refleksjonar gjev personalet eit godt utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Vi vurderar kvart halvår i tillegg til at vi jobbar med evalueringar / vurderingar på avdelingsmøtene våre.

I år vi vurdera språk opp mot leiken,, Brobyggeren og IKT. Alle desse 4 tema heng nøye saman. Korleis vi vel å vurdera vil kome undervegs. Vi brukar 1 time på kvart personalmøte på refleksjon rundt Brobyggeren og dei oppgåvane som er tilknytta den.



KOMPETANSEPLANEN FOR BRINGEDALSBYGDA BARNEHAGE 2020-21

Planleggingsdag	Tema for dagen	Kvar er vi	Ansvar for dagen
Fredag 14 august	Oppstart	I Barnehagen	Solveig i samarbeid med pedagogane
Fredag 13 november	Kick start på RE KOMP	Bringedalsbygda barnehage	Solveig og Jeaneth
Fredag 29 januar	RE KOMP		
Måndag 15.mars	RE KOMP		
Fredag 14 mai	Evaluering og ny plan har kommande haust	Kan bli jobba inn inneklemd dag	Solveig i samarbeid med pedagogane

Møteplanar for komande år

Kva for møte	Tidsbruk	Formål	Ansvarleg
Morgen møte	15 minuttar kvar måndag etter frukost er ferdig på avdelingane	Oversikt over kommadne veker	Solveig Pedagogane møtere
Pedagogisk - leiar møte	Kl 14.15 -15.30 Før personalmøtet	Overordna drift av barnehagen- krav i tida-	Solveig
Avdelingsmøte	90 minuttar annan kvar onsdag	Avdelinga sitt møte, daglege oppg , planar mm	Pedagogisk leiar
IKT satsinga	Fyrste onsdagen i månaden i fire timer frå kl	Vera oppdatert på data og få heile personalgruppa til å bruka ikt utstyr	El pedagog Heidi og Solveig
IKT satsinga i samarbeid med Omvikdalen		Prosjektet skal drivast fram – begge e-pedagogane får tid saman	Solveig og Jeaneth Heidi og Mariann
Komitee møter	Etter behov		Dei som er med i gruppa
Tema dagar som feks trafikk	Etter behov		Dei som er med i gruppa

Fyrste mandag i kvar månad har vi personalmøter. 10 møter pr år. Unnatak i desember og juni.

Personalmøte	Tema for kvelden	Kvar er vi	Ansvar for kvelden
Måndag 07.09.2020	BRO BYGGEREN Lek og inkludering –Kari Pape	På huset	Solveig og Heidi
Oktober	Livbergningsprøve	I basseng – kan bli fordelt over fleire kveldar	Signy Prestnes sender ut informasjon og innkalling.
Måndag 02.11.2020	Kurt Dahl -	På huset	Solveig
Måndag 11.01.2021	Brobyggaren Kari Pape	På huset	Solveig og Heidi
Måndag 01.02.2021	Brobyggaren Kari Pape	På huset	ds
Måndag 01.03.2021	Brobyggaren Kari Pape	På huset	ds
Måndag 12.04.2021	Brobyggaren Kari Pape	På huset	ds
Måndag 03.05.2021	Brobyggeren Kari Pape	På huset	ds
Sommarfest		Covid 19 Gult nivå.?	kommite

Seks personalmøter i lag etter tema i samarbeid med NLA og
PPT. Brobyggaren vil bli på personalmøter kvar for oss. Fag på alle
personalmøter

Planleggingstid for pedagogar og fagarbeidar/assistentar

Barnehagelærar har fire timar pr veka- fagarbeidrarar har ein time annen kvar veke.

kven	Når	Ansvar for tilrettelegging og gjennomføring
Heidi	Kvar måndag kl 10.15- 14.15	Solveig
Christine	Kvar måndag kl 10.15 til 14.15	Solveig
Lena	Kvar måndag kl 08.00 til 12.30 Her er pause inkludert	Solveig
Olaug	Onsdagar 9 – 11 og ved behov	Heidi
Åse	Tysdagar 9 – 9.30	Heidi
Britt Iren	Tysdagar 9.30 - 10	Heidi
Reni	Annakvar onsdag 8.30 – 9.30	Christine
Anne Grethe	Annakvar onsdag 8.30 – 9.30	Christine

Måndagar skal det vera sett av ein time til samarbeid mellom pedagogane i plantida.







Me ser fram til eit nytt og spennande barnehageår